



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
15/256900-7

Dykkar referanse: Vår dato:
14/1898 – 17/15140 16.06.2017

Høring og offentlig ettersyn av mindre reguleringsendring for Stølshaugane – gnr. 141 bnr. 1 og gnr. 141 bnr. 3 – PlanID 11263-201302

Vi viser til motteke varsel om offentlig ettersyn av mindre reguleringsendring for Stølshaugane – PlanID 11263-201302.

Endringa gjeld regulering av avkjørsle til Kvamsvågen friluftsområde. Avkjørsla var regulert i reguleringsplan Friluftsområde – Kvamsvågen, PlanID1263-25082004, men vart ikkje teke med i reguleringsplan for Stølshaugane, som dels overlappar Kvamsvågen-planen.

I oversendt materiale skriv kommunen at avkjørsla er regulert i samsvar med handbok N100. Statens vegvesen har ikkje fått tekniske teikningar for avkjørsla, men har fått stadfesta frå Lindås kommune at vi vil få teikningane til ettersyn i byggeplanfasen. På bakgrunn av at vi ikkje har motteke tekniske teikningar, kan vi ikkje vurdere om det er satt av tilstrekkeleg areal til å byggje avkjørsla, eller om den er regulert i samsvar med handbok N100.

Vi kan ikkje sjå at avkjørsla, o_KV6, er omtalt i framlegg til reguleringsføresegn. Statens vegvesen legg til grunn for vår vurdering at avkjørsla skal nyttast i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Friluftsområde – Kvamsvågen, og vi vurderer den regulerte løysinga som tilstrekkeleg for denne bruken.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

